

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
2004 102263	32
Mottatt:	21 FEB 2005
Saksbeh.:	Ark.:
ASR/JUR/IAA	008
Kopi:	Avskr.:

Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200402263-/IAA		FM: 2004/10163/AUDR/510	Aud O. Lindset Drågen, 71258131	18.02.2005

Høyringsuttale ECON-rapport 2004-089

Vi syner til departementet sitt høyringsbrev med vedkomande ovannemnde sak og sender med dette vedlagt uttale frå Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal.

Med helsing

Aud Ingrid Krefting

Aud-Ingrid Krefting
Rådgivar

Aud Lindset Drågen

Aud O. Lindset Drågen
Konsulent

MØTEBOK

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal.

Møtedato: 08/02/2005

Saklistenr: 0003

Saknummer: 159905 10014 AFS

Saksutgreiing:

Saksutgreiing for fylkeslandbruksstyret

Regjeringa arbeider med å få til ein heilskapleg innovasjonspolitik og auka verdiskaping over heile landet. Landbruks- og matdepartementet (LMD) ønskjer såleis å legge betre til rette for etablering og drift av tradisjonelle og alternative næringsvegar med utgangspunkt i landbruksressursane generelt, og landbrukseigedom spesielt. Dette går inn i departementet sitt arbeid med Landbruk Pluss, der mellom anna gjennomgang av juridiske virkemiddel står sentralt.

På oppdrag frå LMD har ECON Analyse gjort ei vurdering av LMDs lovgiving. Dette som eit av fleire tiltak i samband med at departementet ønskjer å forenkle regelverket sitt, og gjere tilpasningar for å auke innovasjon og næringsutvikling i bygdene generelt og landbruket spesielt. Spørsmålet har vore om landbrukslovgivinga kan gjerast enklare for dei som ønskjer å starte med noko nytt.

Forslaga frå ECON Analyse i høve til kva endringar som kan bidra til ei utvikling i ønska retning ligg føre i "Rapport 2004-089. Regelverk og innovasjon i landbruket".

ECON har ikkje vurdert forslaga sine i høve andre landbrukspolitiske mål enn etablering, næringsutvikling og nyskaping. Rapporten femnar om areallovgevinga, allmenningslovgevinga, dyrehelse, dyrevern, mattryggleik og produksjons- og omsetnadsregulering.

Rapporten har høyringsfrist 15. februar 2005. Saksframlegget her vil ta for seg nokon av dei endringsforslaga ECON kjem med i høve lovverket på landbruksområdet.

Innleiing

Norsk landbrukspolitikk har i mange år lege som eit stabilt rammeverk ikring norsk matproduksjon. Landbruket er likevel i jamn omstillingsprosess – ein prosess som dei siste åra har ført til ei erkjenning av at landbrukspolitikken må endrast for å kunne møte nye markedsutfordringar. Eit sentralt spørsmål er såleis kva for omstilling vi ønskjer oss, og kva landbruksressursane bør nyttast til.

Rapporten fastslår innleiingsvis at dei fleste relevante føresegner bidreg til å hemme nyskaping innan landbruket. Rapporten legg likevel til grunn at jordvernet skal oppretthaldast, og at busetting i landbruksdistrikta er viktig. Vidare slik at det er tatt omsyn til andre mål som matkvalitet, dyrehelse og miljøvern. Desse sjåast som sentrale landbrukspolitiske mål.

Kapittel 3 (s. 21 flg.) – føresegner for utmark

Blir ikkje kommentert i særleg grad – ut over at Møre og Romsdal fylke seier seg samd i vurderinga av at skogbrukslova, slik den ligg føre i dag og i proposisjonen, ikkje ser ut til å vere til hinder for nyskaping og utvikling.

Kapittel 4 (s. 37 flg.) – føresegner om landbrukseigedommar

I dette kapitlet drøftast korleis regelverket som gjeld bruk av dyrkamark, bandlegging på omsetnad av gardsbruk og oppdeling av gardsbruk direkte legg stengslar for nyskaping og inntreden av nye aktørar i næringa. ECON meiner desse føresegnene står fram som restriktive – likevel slik at praksis kanskje mjukar opp dette inntrykket noko.

Det er likevel slik at ECON legg til grunn at busetting i distrikta og jordvern er to nasjonale mål som må ivaretakast sjølv om dette eventuelt går på tvers av ønsket om auka innovasjon på landbruksområdet/inntreden av nye aktørar. Forslaga til tiltak på dette området må med andre ord ikkje svekke desse to sentrale måla vesentleg.

4.2.1/4.4.2/4.4.3 Jordlova og jordvernet (s. 38 flg.)

Jordlova har blant anna til formål å verne om dyrka og dyrkbar mark - bruken av dyrkamark (§ 9, omdisponeringsforbod), og deling av landbrukseigedom (§ 12, delingsforbod). For å oppnå slikt vern, er det i utgangspunktet eit forbod mot deling/omdisponering.

Deling kan imidlertid skje dersom det kan dokumenterast "samfunnsinteresser av stor vekt", eller at eigedomen si avkastningsevne tilseier at den tåler frådelinga. Omdisponering kan skje i "særlege høve". Dette er strenge vilkår, og det kan reisast spørsmål om dagens praksis held seg til lova med omsyn til ordlyden.

Rapporten synast å legge til grunn at delingsforbodet blir praktisert likt same kva ein evt. delingssøknad går ut på (sjå s. 46 flg.). Dette er ikkje korrekt. Møre og Romsdal fylke meiner at jordlova i og for seg ikkje er eit hinder for nyskaping slik den blir praktisert i dag. Det er slik at det ikkje er vidare problematisk å få sett i gang tiltak i den grad dei kan seiast å ha ei viss samfunnsinteresse knytt til seg – det vere seg bustadbygging, tilflytting, sysselsettingstiltak eller anna.

Vidare slik at det faktisk er mogleg å realisere ulike typar kapital på eit gardsbruk: Dersom eigar ønskjer å site att med bygningane på garden, og selje restareal til ein/fleire andre brukarar som tilleggareal, så opner jordlova for slik deling. Denne typen bruksrasjonalisering er ei ønska utvikling. Vi er usamd i rapporten sin konklusjon med omsyn til verknaden av "sal av alt eller ingenting"- regelen i tilfelle der ein har passiv eigar av landbrukseigedom som er sterkt kjenslemessig knytt til eigedomen. I desse tilfella vil det neppe vere jordlova som hindrar eigar i å selje areal til innovative kjøparar. Vidare slik at delsal, kor han sit att med bygningar/tomt, skulle vere tilstrekkeleg i høve å få fram omsetnadsvilje.

Rapporten meiner delingsforbodet kan opphevast (s. 47), og at omdisponeringsforbodet vil hindre eventuell uheldig oppsplitting av bruka til fleire små einingar – og nedbygging av dyrkamark.

ECON meiner at innovasjon/næringsutvikling isolert sett vil ha betre grobotn dersom også omdisponeringsforbodet blir fjerna (s. 50). Men – dette vil kome i konflikt med trongen for jordvern.

Dersom jordlova skal endrast og tilpassast ein situasjon der landbruket skal konkurrere med anna næringsverksemd der kapitalen rår, vil vi tru at landbruket/jordvernet vil gå ut som den tapande part ved eventuelle konflikt/interessesmotsetnad. Møre og Romsdal fylke meiner at jordlova sitt delings- og omdisponeringsforbod framleis bør bestå – av omsyn til jordvernet.

4.2.2/4.4.4 Konesjonslova (s. 42 flg.)

ECON meiner konesjonsplikt mellom anna hindrar fri omsetnad av jord- og skogbrukseigedomar, og at lova dermed kan hindre at den aktøren som kan utnytte ressursane best mogleg får kjøpe eigedomen. Vidare at prisregulering, føresegner om at selskaper som hovudregel ikkje kan eige landbrukseigedom og bu- og driveplikta kan hindre dei mest kompetente eigarane frå å ta over eigedomar/tilføre risikokapital til landbruket.

Prisreguleringa er tufta på at landbruket mottok støtte frå staten, slik at det kan vere ein fordel at kostnadene ved finansieringa blir halde nede. Det vil normalt vere slik at landbruket ikkje kan konkurrere med andre sektorar kva gjeld pris på areal grunna innteningsevna i landbruket.

ECON meiner mellom anna at prisreguleringa fører med seg at spennet mellom potensiell marknadspris og konesjonspris blir så vidt stort at færre gardsbruk kjem ut på sal. Denne påstanden kan kanskje slå til i einskildsaker – Møre og Romsdal fylke meiner jamvel at det er dei kjenslemessige banda (passiv) eigar har til gardsbruket sitt som legg dei største hindringane i vegen for sal her.

Møre og Romsdal fylke si erfaring med omsyn til priskontroll er at denne går i retning av å ikkje verke så bremsande på omsetnaden som skissert. Det har også komme nye føresegner på området: Sal av bebygd eigedom der prisen er under kr 750.000,- skal ikkje priskontrollerast i konesjonssamanheng. Til ein viss grad kan kanskje priskontroll medverke til at jordvernet blir betre ivaretatt.

Bu- og driveplikta har som formål å sikre busetnad og drift på landbrukseigedomar. Ut frå ei rein målsetting om å oppnå innovasjon og næringsutvikling, meiner ECON at ei avvikling av bu- og driveplikta vil gi både fordeler og ulemper. Bu- og driveplikt opplevast kort og godt som ei ulempe for dei som ønskjer å eige gardsbruk utan å bu der.

Føresegnene om bu- og driveplikt handhevast ulikt i kommunane. Det må seiast å vere høvesvis enkelt å få fritak frå ein eller begge plikter – likevel slik at einskildkommunar handhever buplikta temmeleg strengt på små bruk i område som er prega av fråflytting. Dei fleste sakene om fritak frå pliktene går etter odelslova sine føresegner, og gjeld bruk som er omsett innan familien.

Møre og Romsdal fylke er samd i konklusjonen om at ei strengare handheving av regelverket (les: færre fritak frå bu- og driveplikta) truleg vil gjere at fleire gardsbruk vil komme ut på sal – og såleis gi nye aktørar moglegheita til å kome på banen. Spørsmålet er om dette er politisk mogleg å gjennomføre.

Konsesjonslova seier i klårtekst at sameige ikkje er ein ønskeleg eigarkonstellasjon, og at konsesjon vanlegvis ikkje blir gitt til ymse former for selskap. Dette vil verke som ei avgrensning i høve til den valfridomen aktørar elles har kva gjeld organisering av næringsverksemd.

4.2.3/4.4.6/4.4.8 Odelslova (s. 39 flg.)

Odelsrett er ein fortrinnsrett til å overta odlingsjord – eigedom av ein viss storleik. Odelsretten har sikra at eigedomar blir i slekta sitt eige mellom anna gjennom retten til å løyse eigedomen frå kjøparar utan odelsrett.

Det er forskjellig syn på kor naudsynt det er å oppretthalde odelsretten i dagens form, jf. fjorårets høyring om ny odelslov. Møre og Romsdal fylke meiner odelsretten skaper utryggleik med omsyn til sal av landbrukseigedom, og såleis kan hindre omsetnad av landbrukseigedom. Møre og Romsdal fylke meiner odelsretten med fordel kan fjernast. Verknadene av at odelsretten blir fjerna, vil likevel truleg vere lite merkbare i starten. Dette grunna den før nemnte kjenslemessige tilknytninga slekta ofte har til ein landbrukseigedom.

Viser elles til det som er skrive over kva gjeld praktiseringa av føresegnene om bu- og driveplikt.

Møre og Romsdal fylke har følgjande forslag til

vedtak:

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal sluttar seg til dei merknader som kjem fram i saksutgreiinga ovafor.

Ole Syltebø
Landbruksdirektør

Harald Nymoen
Fylkesskogsjef

Representanten Heggem sette fram forslag om å gjere vedtak i tråd med innstillinga frå administrasjonen – med unntak av merknadene som seier at odelsretten bør fjernast.

Det blei først røysta over innstillinga frå administrasjonen *utan* merknadene under punkt 4.2.3/4.4.6/4.4.8 Odelslova. Dette blei samrøystes vedteke.

Det blei deretter røysta over forslaget frå Heggem om å ta ut merknadene som seier at odelsretten bør fjernast, alternativt at administrasjonen sitt framlegg til vedtak blir ståande. Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk då 5 røyster, medan Heggem sitt forslag fekk 2 røyster (Heggem og Bratland).

Fylkeslandbruksstyret sitt vedtak:**Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal sluttar seg til dei merknader som kjem fram i saksutgreiinga ovafor.**

Saksbehandlar: Aud-Ingrid Krefthing


Dokument:

1. ECON-rapport 2004-089 – Regelverk og innovasjon i landbruket
- utsendt til fylkeslandbruksstyret i eiga ekspedisjon
2. Høyringsbrev frå LMD datert 16.12.2004 (ligg ved protokollen her)

Kopi sendt til:

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo
BETT **UTSKRIFT**
ESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Landbruksavdelinga
Møre,

15.02.05



Ole Syltebø
Landbruksdirektør